



Christina Dahl imponerte stort sist ho var i Dønhaugkjedlaren.

Dei musikkglade har mykje å glede seg til i Uskedalen utover våren. Det vert m.a. fire flotte jazzkonsertar dei næraste par månadene. Husnes Jazzklubb har mange av arrangementa sine i Dønhaugkjedlaren. Her vert det to jazzkveldar. SmakifråJazz på Oska kan lokka med same konserttalet.



Fleire unge uskedelingar har hatt glede av å få spela med Jazzverket som har opptreidd fleire gonger i Uskedalen. Her frå Happy Corner på Spar.

Først ute er den danske supersaksofinisten Christina Dahl som kjem med kvartetten sin til Dønhaug allereie 18.mars. Denne kvartetten som turnerer ein del i Norge har vore på Dønhaug ein gong tidlegare. Då var det godt besøk med svært fornøgde konsertgjester. Christina Dahl spela også under Kvinnherad kulturfestival for to år sidan. Då imponerte ho sanan med det lokale Jazzverket.

Og nettopp Jazzverket er neste band ut når dei spelar på Oska 1.april. Denne gruppa som er samansett av Gopi Storegjerde(vokal), Ivar Baste(tangentar), Stein Haugen (kontrabass) og Torkjell Nerhus(trommer) er det beste beviset på at vi ikkje treng ut av kommunen for å finna ei topp musikarar. Denne gongen har dei med seg Vegard Døssland som no studerer i Oslo, på trompet og flygelhorn. Då dei spela på vertshuset sist for nokre år sidan, vart det fullt hus og kjempestemming.

22.april er det klart for ein ny skikkeleg godbit i Dønhaugkjedlaren. Det vert det både humor og kvalitet når Ole Hamre(slagverk, melodika, sang) og Gabriel Fliflet(trekkspel og sang) opptrer. Denne duoen har gjennom meir enn 25 år gledd publikum med musikken sin som har element frå ulike sjangrar som balkansk og norsk folkemusikk og gammaldans. Dei to stjernemusikarane har opptreidd i mange ulike samanhengar og saman med mange store musikarar. Hamre er også svært aktuell som sentral leiar i prosjektet Fargespill for innvandrarbarn og er ein mykje brukt føredragshaldar.

Og jazzvåren er ikkje slutt med dette. I mai kjem Ole Amund Gjersvik(kontrabass) og Marita Moe Sandven(vokal) tilbake til Oska. Dei skapte ein svært stemningsfull kveld sist dei var der. Jammen eit sterkt program utover våren!

Det er også naturleg å nemna at Husnes Jazzklubb ønskjer fleire medlemmer. For interesserte er det berre å senda 200,-kr til 3460.20.39686 og merka det med 'Medlem 2017' og namn. Då får ein også billettane til redusert pris på arrangementa.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen